

Kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune



Dialogmøte om Sildagapet, Moldefjorden og pollane 04.03.2021



Bakgrunn

- Kommunestyra i Selje og Eid vedtok hausten 2018 å delta i eit interkommunalt plansamarbeid for sjøområda. Framgangen i planarbeidet vart satt på vent hausten 2019, fordi ein såg at det var best å lage ein plan som også inkluderte Bryggja.
- I mars 2020 vart planen varsla på ny, denne gang som ein **kommunedelplan (KDP) for sjøareala i Stad kommune.**
- Planprogrammet låg ute til offentleg ettersyn i perioden 12. mars – 7. mai 2020, og vart fastsett 11.juni 2020. Det er kome inn tilsaman 58 merknadar og innspel.

Bakgrunn – regionale og nasjonale føringar

- Regional plan for verdiskaping og regional strategisk plan for kysten 2018-2029 (begge Sogn og Fjordane) har satsing innan sjømatnæringane som viktige tema.
- Vestland fylkeskommune leiar utviklinga av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
- Regjeringa sin havstrategi (2017) legg opp til stor vekst innan havnæringane.

Bakgrunn – regionale og nasjonale føringar

Auka merksemd på planlegging i sjø frå styresmaktene:

- Nytt rundskriv H-6/18, *Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder*. Her finn vi følgande formulering (i kap. 2.3 *innledning om plantypene*); «Skal planleggingen fremme en **bærekraftig utvikling**, kan det være nødvendig å vurdere planene i et **videre perspektiv enn den enkelte kommunegrense**, gjennom bruk av regionale planer og **interkommunale planer**».
- Ny rettleiar for planlegging i sjø kom i mai 2020.


Bakgrunn – regionale og nasjonale føringar

- Stortinget vedtok i 2015 opprettinga av Havbruksfondet, målet med fondet er å **stimulere kommunane til å legge til rette for havbruksnæringa**. I dag vert 80% av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa vert fordelt gjennom Havbruksfondet til kommunal sektor.
- Frå 2022 får kommunane 40% av salsinntektene frå ny kapasitet, fordelt gjennom Havbruksfondet. I tillegg vil kommunane få inntekt frå produksjonsavgift som i dag ligg på om lag 500 millionar kroner i året.
- **Stad kommune har i budsjettvedtak lagt til grunn ei stor auke i inntekt frå havbruksfondet.**

Bakgrunn - kunnskapsgrunnlag

- Marine grunnkart, kartlegging av sjøbotnen, vart gjennomført i Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora frå 2014 – 2018. Dette var gjort for å styrkearealplanlegginga langs kysten. (jf. Fylkestingsvedtak 11.06.2013).
- Karta vart ferdigstilt i mars 2018 for tidlegare Selje sine sjøområder og for Bryggja (tidlegare Vågsøy) og gjev eit godt kunnskapsgrunnlag for vidareutvikling av sjøområda.
- Fylkeskommunen har laga ei multikriterieanalyse, som peiker ut områder som kan/kanskje kan planleggast for akvakultur utan å kome i konflikt med andre interesser i sjø.

Avgrensning
av plan



Avgrensing av plan

- Planarbeidet er avgrensa til å berre gjelde sjøområda i Stad kommune, og planområdet er avgrensa frå grunnlinja, som er 1 nautisk mil utanfor dei ytste øyer og skjer, og inn til strandsona.
- Nokre reguleringsplanar med tilknytning til sjønære aktivitetar er tekne inn i planen.

Mål for planarbeidet

Effektmål:

- Meir næringsaktivitet i sjøområda våre, som ikkje kjem i konflikt med viktige naturområder, kulturminner, verneområder eller bruken av sjøområda som rekreasjon for fastbuande og besøkande.

Mål for planarbeidet

Resultatmål:

- Eit overordna plangrunnlag for fiskeri, havbruk, hamner, farlei og energiproduksjon i sjøområda i Stad kommune, slik at vi har eit godt grunnlag for å vurdere kvar det er tenleg å etablere næringsverksemd.
- Eit plangrunnlag for bruken av sjøareala i Stad som tek omsyn til viktige naturtypar, kulturminner, verneområder og som legg til rette for opplevingsbasert reiseliv i sjøområda og rekreasjon for fastbuande og besøkande.
- Kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune skal vere klar til vedtak hausten 2021, og vil erstatte gjeldande arealplanar i sjø innafor planavgrensinga.














Bakgrunn for planframlegg

- De vil sjå at tilråding i konsekvensutgreiing med ros-analyse ofte ikkje stemmer med framlegg til arealbruk som er teke inn i planen.
- Grunngjevinga for dette er eit ynskje om å synleggjere den store interessa frå næringsaktørane på arealbruk i og ved sjø, for slik skape eit større engasjement rundt og få ein grundig dialog om arealbruken i sjøområda våre.
- Under høyringsperioden legg vi difor opp til omfattande medverknad, der målet er å kome fram til dei best eigna områda for ulike typar næringsverksemd i og ved sjø, gjennom open og dialogbasert medverknad med alle interessentar, inkludert sektorstyresmaktene.

Oppbygging av plan - planen inneheld følgande dokument:


- [Konsekvensutgreiing \(KU\) med risiko- og sårbarhetsvurdering \(ROS\):](#)
 - Dette er ei vurdering av konsekvensane for kvart enkelt innspel om ny eller endra arealbruk kan få for utvalde tema.
- [Planomtala](#)
 - Gjev ei grunngjeving for arealbruken i planen
- [Kart med teiknforklaring](#)
 - 2 juridisk bindande kart over alle arealføremåla som skal gjelde i planen
 - [Stadhalvøya Barmen Flatraket](#) - [Nordfjorden - Eidsfjorden - Hunvikfjorden](#)
- [Føresegner](#)
 - Juridisk bindande reglar som høyrer til arealføremåla i kartet

Teiknforklaring

TEIKNFORKLARING	
PBL § 11 AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN	
Noverande	Framtidig
BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 11-7, nr 1)	BA Bygningar og anlegg
	BN Næringsverksemd
SAMFERDSEL SANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 11-7, nr 2)	SV Veg
----- Skipslei	- - - - - Skipslei
GRØNSTRUKTUR (PBL § 11-7, nr 3)	
MILITÆRFORMÅL (PBL § 11-7, nr 4)	
LNFR-OMRÅDE (PBL § 11-7, nr 5)	
 LNFR for tiltak basert på ressursgrunnet på garden	
BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRA NDE STRANDSONE (PBL § 11-7, nr 6)	
V Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	VHS Hamneområde i sjø
VHS Hamneområde i sjø	VS Småbåthamn
VFI Fiske	VA Akvakultur
VA Akvakultur	
VN Naturområde	
VFR Friluftsområde	
VK Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone	VK Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone
OMSYNSSONER (PBL § 11-8)	
SONER MED SÆRLEG ANGITT OMSYN	
 Omsyn friluftsliv	
 Omsyn landskap	
 Bevaring naturmiljø	
 Bevaring kulturmiljø	
BANDLEGGINGSONE	
 Bandlegging etter lov om naturvern	
 Bandlegging etter lov om kulturminner	
FARESONE	
 Ras- og skredfare	
LINJESYMBOL	
 Plangrense	
 Grense for arealformål	
 Grense for angitt omsynsoner	
 Grense for bandleggingssoner	
 Grense for faresoner	

Målestokk 1:

Nordfjorden - Eidsfjorden - Hunsvikfjorden



Akvakultur

- Vidareført areal som ligg inne i gjeldande arealplanar og teke inn nye areal etter innspel frå næringa
- Areal til fortøyingar er avklara gjennom føresegnene:
 - 5.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 11-7 nr. 6)**
 - e) Fortøyingar for akvakultur kan tillates i vass-søyla dersom desse ligger djupare enn kote minus 20 meter og ikkje går inn i arealføremål merka fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.
- Det er ikkje lagt inn føresegn knytt til art til no i prosessen, dette ser vi nærare på i lag med næringsaktørar og sektormynde i høyringsperioden for å kome fram til dei områda som er best eigna for dei ulike artane ein kan produsere.
- Det er lagt til rette for næringsområder knytt til akvakultur på land, og eit kombinert areal i sjø for hamn og akvakultur

Akvakultur

- Kommunen ønskjer ein mest mogleg fleksibel og langsiktig plan, og legg til grunn for arealbruken at det framover vil kome ny oppdrettsteknologi som erstattar den tradisjonelle merdteknologien som vert nytta i dag.
- Døme på dette kan vere lukka system i sjø som gjer at ein kan få bukt med lakselus og fiskesjukdomar. Noko som kan gjere at mattilsynet kanskje kan endre avstandskrav som i dag gjeld for oppdrettslokalitetar.
- For å reduserer konfliktpotensialet mellom oppdrettslokalitetar og friluftsliv, bustad- og fritidsbustader har kommunen i føresegnene til sagt at anlegg må leggest så langt frå land som råd er. Jf. § 5.6.

Akvakultur

5.6. Akvakultur

Område for akvakultur må leggest så langt frå land som mogleg innafør arealføremålet. Heile anlegget, med forflåte, inkludert ferdsselsforbodssona rundt oppdrettsanlegget skal ligge innanfor akvakulturformålet, jf. § 11-11 nr. 3.


Tabellen under syner planområde med formål akvakultur:

Område		Namn	Vidareført frå gjeldande arealplanar	Område med gjeldande løyve til produksjon
VA01	1.	Apalset	Nei	Nei
VA11	2.	Stokkeneset	Ja	Ja
VA12	3.	Rekvika	Ja	Ja
VA13	4.	Beitveit	Ja	Ja
VA21	5.	Dragsfalla	Nei	Nei
VA22	6.	Salt	Nei	Nei
VA23	7.	Barmsund	ja, men utvida mykje	Nei
VA24	8.	Røyset	Nei	Nei
VA25	9.	Loksvika	Nei	Nei
VA26	10.	Flatraket	Nei	Nei
VA31	11.	Rundreimstranda	Ja	Ja
VA32	12.	Vengøyvikane	Ja	Ja
VA33	13.	Vetthusstranda	Ja	Ja
VA42	14.	Krokapollen - Totland	Ja	Nei
VA43	15.	Storøya - Totland	Nei	Nei
VA44	16.	Åsneset	Ja, endra utstrekning	Nei
VA45	17.	Midthjell	Nei	Nei
VA46	18.	Haus	Ja	Nei
VA47	19.	Ervikskorane	Ja	Nei
VA49	20.	Orheimsvika	Nei	Nei
VA50	21.	Løkjaneset	Nei	Nei
VA51	22.	Fjøsvisa – Gjølsvika	Ja	Nei
VA52	23.	Hamneset - Torheimsneset		Nei
VA53	24.	Torvneset/ Uførhamneset	Ja	Nei
VA54	25.	Hjellevika	Nei	Nei
VA55	26.	Breivikja	Nei	Nei
VA56	27.	Lotestrande	Ja	Nei
VA57	28.	Aust for Åseskjeret	Ja, men noko innskrenka	Nei
VA61	29.	Hundvika Aust	Ja	Ja
VK41	30.	Kalvneset	Nei	Nei


Tabellen under syner planområder med kombinert formål akvakultur og hamneområde i sjø:

Område	Namn	Vidareført frå gjeldande arealplanar
VK41	Kalvneset	Nei


Flatraket - Venøya - Nordpollen




Barmøya - Rundereimstranda - Salt



Moldefjorden



Stadlandet og Sildagapet



Massehandtering skipstunnel

Kommunen ønsker vidare å legge til rette for meir omfattande bruk av massar frå Stad skipstunnel enn det som ligg i gjeldande planar, for å tilrettelegge større næringsareal, i staden for at massane skal bli dumpa i Moldefjorden og ikkje kome til nytte.

Kystverket har vurdert maksimal avstand frå tunnel til leveringsstad, og i sør er grensa ved Flatraket og i nord ved Leikanger. Avstand, vêrforhold og miljømessige forhold m.o.t utvasking, og spreining av sprengt tunnelstein i vassmassane kan påverke utviklingsmoglegheitene for næringsområda og begrensar plasseringa av dei.

Massehandtering
skipstunnel –
areal som er
aktuelle for bruk
av masser

Areal som er avklart i
gjeldande arealplanar eller i
ein prosess med
detaljregulering

Areal som er avklart i gjeldande arealplanar, er ferdig
detaljregulert eller er i ein prosess med detaljregulering


- Hamreosen, fritidsformål (detaljregulering starta opp)
- Hamneområde ved tunnelopninga Kjøde (ferdig regulert)
- **Hamneområde ved tunnelopning Moldefjorden (ferdig regulert)**
- Nedre Sjøstad/Stad Næringspark (ferdig regulert)
- **Reguleringsplan Selje sentrum (detaljregulering starta opp)**
- Reguleringsplan Leikanger sentrum (detaljregulering starta opp)
- Årsheim, næring- og fritidsformål (i arealdel)
- **Hatleneset, kai- og næringsareal (i arealdel)**

Massehandtering
skipstunnel –
areal som er
aktuelle for bruk
av masser


Areal som er nye eller endra i høve til gjeldande arealplanar

- Stokkenes, areal knytt til Statt Torsk AS
- Stave, areal knytt til Per Stave AS
- **Lestovika, areal nedanfor fylkesveg i Lestovika**
- **Moldestad, areal knytt til Pelagia AS**
- **Rundereimstranda, areal knytt til MOWI AS**
- **Rundereimstranda, utfyllingsareal langs FV 618.**
- **Flatraket/Perneset, areal knytt til Fiskevegn og Kvernevik m/fleire**
- Kjøde, deponi med kombinert etterbruk landbruk, fritid og næring
- **Berstad, deponi med kombinert etterbruk landbruk, fritid og næring**


Pelagia




Fiskerihamn Lestovika





Flatraket utviding næringsareal og akvakultur



Berstad




Areal i
gjeldande
planar som er
utanfor
planområdet -
Hatleneset



Utsnitt frå gjeldande arealdel for Selje til venstre og utsnitt frå framlegg til kommunedelplan (KDP) for sjøareal i Stad til høgre.

Vi har valgt å ikkje ta med Hatleneset innafor planavgrensinga til KDP for sjøareal då dette arealet allereie er avklara i gjeldande arealdel.

Areal i
gjeldande
planar som er
utanfor
planområdet -
Hatleneset



Arealet er lagt inn som næringsområde med krav om reguleringsplan. I vedtak KS-078/17 star det:

- “Ved Hatlenes vert det inngått avtale med grunneigar om forskottering»
- Dette er ikkje gjort.

Det er i år kome merknadar til kommunen om konflikter knytt til dette området.

Ein følge av dette kan vere å ta inn næringsområdet i KDP sjøareal, for å ta ei ny vurdering rundt bruken av dette området.


Areal i
gjeldande
planar som er
utanfor
planområdet -
Hatleneset



Kopling til andre planar

- Innspel til sjøområda som ligg innanfor planavgrensinga til pågåande detaljreguleringsplanar slik som Selje sentrum og Leikanger sentrum, vil handsamast i detaljreguleringane.
- Der vi har areal som er godkjent i gjeldande arealplanar, slik som t.d. Hatlenes i Moldefjorden og Årsheim i Vanylvsfjorden, og der det ikkje er kome innspel om endringar, har vi lagt plangrensa for kommunedelplan for sjøområda utanom.
- Der det er godkjende detaljreguleringsplanar som det ikkje har kome innspel om endringar til, har vi lagt plangrensa for kommunedelplan for sjøområda utanom.


Selje sentrum – detaljregulering under arbeid



marint vern kring Stad – prosess

- 3.11.2017 meldte fylkesmannen i Sogn og Fjordane oppstart av arbeidet med verneprosess.
- I 2017 – 2019 var det dialog og synfaring med kommune og interessentar i dette området.
- 7.9.2020 sendte fylkesmannen i Vestland framlegg til vern over til Miljødirektoratet for vurdering og godkjenning før dette vert sendt på høyring i løpet av våren 2021.

Framlegg - marint vern kring Stad - avgrensning



Framlegg - marint vern kring Stad - føremål

§ 1. (Føremål)

Føremålet med Stad marine verneområde er å ta vare på eit spesielt kystområde med trua, sjeldan og sårbar natur med eit rikt dyreliv, og som representerer naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som studieområde for forskning og overvaking.

Stad er eit uvanleg vêrhardt område på den inste delen av kontinentalsokkelen utover frå land, og geologi og mangfald ber preg av det. Mykje av det særprega biologiske mangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallar og store areal med tareskog. Dette er viktige oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

MEDVERKNAD

Målsetning

Informere og få tilbakemelding på forslaga til arealbruk i planframlegget.

Innhente lokal informasjon om sjøområda og bruken av dei.

Få inn nye forslag til arealbruk og synspunkt i høve til planframlegg og arealbruk i vedtekne kommuneplanar.

Diskutere forslag til bruk og plassering av masser frå Stad skipstunnel.

Avklare konflikhtar.

Møteform:

Informasjons- og dialogmøter.

Invitasjon:

Open invitasjon gjennom sosiale medier, avisannonse, samt skriftleg invitasjon til bygdelag og foreiningar (som ramsa opp under), til næringsaktørar, Stad Vekst og til direkte råka grunneigarar.

Deltakarar:

Grunneigarar, næringsaktørar, turistfiskebedrifter, samt ulike lag og organisasjonar som lokale dykkarklubbar, småbåtforeiningar, padleklubbar, turlag og idrettslag, Stad sjøredningsklubb, ornitologisk foreining, lokale og regionale miljøvernorganisasjonar, lokale Jeger- og fiskarlag (Selje, Bryggja, Eid), (inkl. småfiskarlaget, elveeigarlag, norske sjølaksefiskere avdeling SF).

MEDVERKNAD

- **Vi har hatt tre dialogmøter på teams**
- Alle har høve til å be om møte med kommunen dersom de har merknadar til planframlegget

kretsar	sjøområde
Hjelle, Nordfjordeid, Haugen, Stårheim, Kjølsdalen og Bryggja	Nordfjorden, Eidsfjorden og Hunvikfjorden
Leikanger	Stadhavet, Vanylvsfjorden og Kjødepollen
Selje og Flatraket	Sildagapet, Moldefjorden og pollane

Fasar i planarbeidet**FRAMDRIFT**

2021

JAN FEB MAR APR MAI JUN JUL AUG SEP OKT

Formannskapet vedtek offentlig ettersyn av planforslag 28. januar

X

Orientering om planarbeidet under offentlig ettersyn

X

X

Arbeide med merknadar frå offentlig ettersyn

X

X

X

Formannskapet vedtek 2.gangs offentlig ettersyn av planforslag 29. april

X

Arbeide med merknadar frå offentlig ettersyn

X


X

X

Kommunestyret vedtek planen 16. september

X

Pelagia



- Pelagia varsla i 2019 oppstart av detaljreguleringsplan for utviding av næringsareal på Moldestad.
- Utvidinga som er lagt fram i planframlegget, samsvarar med arealet som er varsla gjennom detaljreguleringsplanen.
- Utbygging føreset godkjent detaljreguleringsplan

Frå føresegnene:

2.2. Næringsområde


For næringsområde utan krav om reguleringsplan, vert maksimal %-BYA sett til 50 %. Maksimal storleik på næringsbygg sett til 250 m² BYA. Maksimal mønehøgde på næringsbygg sett til 9 meter. Plassering og utforming av næringsbygg må tilpassast bygda og naturlege omgjevnader. Heimel: PBL § 11-10 nr. 1 og nr. 2.

Ved utfylling og tiltak i sjø, er det krav om reguleringsplan, unntak er utbetring av eksisterande kaier og moloanlegg.

Tabellen under syner alle næringsområda (BN) og kva for områder som har krav om detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3.

Område	Stad	Kort skildring av område	Plankrav
BN 01	Stokkenes	Areal knytt til Statt Torsk AS	nei
BN 02	Stave	Areal knytt til Per Stave AS	Detaljreguleringsplan
BN 21	Lestovika	Areal nedanfor fylkesveg i Lestovika	Detaljreguleringsplan
BN 22	Lestoneset	Areal knytt til eksisterande kai i Lestovika	nei
BN 23	Moldestad	Areal knytt til Pelagia AS	Detaljreguleringsplan
BN 24	Rundereimstranda	Areal knytt til MOWI AS	Detaljreguleringsplan
BN 25	Perneset	Areal knytt til Fiskevegn og Kvernevik m/ fleire	Detaljreguleringsplan
BN 26	Kalneset	Areal knytt til Kvernevik AS	Detaljreguleringsplan

Fiskerihamn Lestovika



Føresegner forslått for Lestovika:

3.2. Hamneområde i sjø

Tabellen under syner planområde med formål hamneområde i sjø (VHS) og kva for områder som har krav om detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3.

Omfattar hamneområde i sjø. VHS

Område	Stad	Kort skildring av område	Plankrav
VHS 21	Lestovika	Areal knytt til flytebrygger for fiskeriformål	Detaljreguleringsplan
VHS 22	Rundereimstranda	Areal knytt til moloanlegg og hamneområde i sjø	Detaljreguleringsplan

2.2. Næringsområde

For næringsområde utan krav om reguleringsplan, vert maksimal %-BYA sett til 50 %. Maksimal storleik på næringsbygg sett til 250 m² BYA. Maksimal mønehøgde på næringsbygg sett til 9 meter. Plassering og utforming av næringsbygg må tilpassast bygda og naturlege omgjevnader. Heimel: PBL § 11-10 nr. 1 og nr. 2.

Ved utfylling og tiltak i sjø, er det krav om reguleringsplan, unntak er utbetring av eksisterande kaier og moloanlegg.

Tabellen under syner alle næringsområda (BN) og kva for områder som har krav om detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3.

Område	Stad	Kort skildring av område	Plankrav
BN 01	Stokkenes	Areal knytt til Statt Torsk AS	nei
BN 02	Stave	Areal knytt til Per Stave AS	Detaljreguleringsplan
BN 21	Lestovika	Areal nedanfor fylkesveg i Lestovika	Detaljreguleringsplan
BN 22	Lestoneset	Areal knytt til eksisterande kai i Lestovika	nei
BN 23	Moldestad	Areal knytt til Pelagia AS	Detaljreguleringsplan
BN 24	Rundereimstranda	Areal knytt til MOWI AS	Detaljreguleringsplan
BN 25	Perneset	Areal knytt til Fiskevegn og Kvernevik m/ fleire	Detaljreguleringsplan
BN 26	Kalneset	Areal knytt til Kvernevik AS	Detaljreguleringsplan

Midlertidig massedeponi Berstad

- Kommunen har kome med framlegg til bruk av tunnelmassar på Berstad, arealføremålet gjeld midlertidig massedeponi og dumperveg frå tunnelen og fram til eit næringsareal med mogelg deponiområde.
- Framlegget er sett fram i høve arbeidet med kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune og må også sjåast i samanheng med punkt 5 i **KS- 21/015 Vedtak**:

5. Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast starte arbeid med forprosjekt for fleirbrukshamn/kai Leikanger med bruk av tunnelmassar, og forprosjekt for deponiområde på begge sider av tunnelopninga.

Berstad


Føresegner til arealet:

2.3.1. Angitte byggje- og anleggsformål, BA

Tabellen under syner planområde med byggje- og anleggsformål (BA) og kva for områder som har krav om detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3.


Område	Stad	Kort skildring av område	Plankrav
BA 01	Kjøde	Areal knytt til massedeponi med etterbruk kombinerte føremål landbruk, fritid og næring.	Detaljreguleringsplan
BA 21	Berstad	Areal knytt til massedeponi med etterbruk kombinerte føremål landbruk, fritid, turisme, næring og småbåthamn i sjø.	Detaljreguleringsplan

Føresegna viser at det er krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan før arealet kan byggjast ut.



Berstad

Grunneigarane som vert råka av tiltaket er inviterte til dialogmøte og får høve til å kome med merknadar til framlegget i møtet og gjennom merknadar til planframlegget.





Gjeldande arealplan i sjø Selje (2017 - 2027)

- *akvakultur*



Gjeldande arealplan i sjø Selje (2017 - 2027)

- *akvakultur*

